

SELJORD KULTURSKULE



Informasjon om søknad

Skuleåret 2020/2021

Søknadsfrist: **1. mai 2020**

Alle må no søkje på **nye tilbod** via elektronisk søknadsskjema på Seljord kommune si heimeside

www.seljord.kommune.no

(Søk tenester – skjema a-å – Kulturskulen-søknad)

Her skal du også **vidareføre** eller **sei opp** den plassen du allereie har.

Ein tek atterhald om tilstrekkelege lærarressursar og økonomi. Ved inntak tek ein omsyn til alder, ansiennitet og venteliste i kulturskulen. Bortsett frå gruppetilboda, har vi desentralisert undervisning.

NB! Søknaden er bindande for eitt skuleår (2 semester)

Meir info får du gjennom kulturskulen.
Kontortid mån-ons 09.30-13.30. Telefon: 35065123

Epost: tore.sognefest@seljord.kommune.no

Om kulturskolen og tilboda

Seljord kulturskule er open for alle born og unge i Seljord kommune. Øvre aldersgrense for opptak av nye elevar er 18 år, men ein vil også kunne tilby undervisning for vaksne på gitar, fele og piano. Undervisninga er lagt til Granvin kulturhus og Flatdal skule/samfunnshus. Kulturskolen følgjer skuleruta for grunnskulen i Seljord i 37 veker. Undervisninga kan organiserast enkeltvis eller i grupper, med 20-30 min. for individuell undervisning og inntil 45 min. for grupper. Timane vert for det meste lagt til ettermiddag og kveld.

Individuelle tilbod: Gitar, piano, slagverk, song, hardingfele, fiolin, cello, bratsj, fløyte, trompet, horn, tuba, trombone, baryton, klarinett, saksofon, trekkspel, piano besifring, gitar for vaksne, piano for vaksne, fiolin for vaksne, lydstudio/musikkproduksjon/iPad

Gruppetilbod: Barnekor, Studio X (video), band, korps, junior/aspirantlag

Meir om tilboda:

Strykeinstrument: Undervisning på hardingfele, fiolin og bratsj, grunnopplæring i cello. Instrument kan leigast hjå kulturskolen. Hardingfele-elevar kan bli med på samspel i juniorlag eller aspirantlag.

Blåseinstrument: Instrumenta kan leigast eller lånast frå korpset. Det er best om du også deltek i eit av korpsa, då det alltid er meir moro å spele saman med andre.

Piano: Her er det ein fordel å ha piano heime. Keyboard går også greit.

Besifring piano: For litt eldre elevar som vil spele "fritt" etter akkordar. Her er det ein fordel å kunne litt notar i G-nøkkel frå før.

Song: Opplæring i stemmebruk og songteknikk i ulike sjangrar. For dei litt eldre elevane (frå 7. klasse og oppover).

Gitar/bass: Undervisning i akustisk og el. gitar/bass

Slagverk: Opplæringa er for det meste på trommesett/skarpdrumme, men også andre rytmeinstrument som congas, bongos m.m. Kombiner gjerne med deltaking i korps.

Studio X: Kan du tenkje deg å drive med video-opptak og redigering? Bruke iPad, kamera og drone? Gruppetilbod 5. – 10. klasse.

Trekkspel: Knappespel (norsk system). Bør disponere instrument sjølv.

Barnekor: Ein fin stad å starte som elev i kulturskolen.

Band: Her må ein ha spelt ei stund for å bli vurdert til opptak. Du kan gjerne gå saman med andre elevar og levere ein felles søknad.

Lydstudio/musikkproduksjon/iPad: Her kan du jobbe med studio-opptak, lydmiksing og musikkproduksjon på MAC og iPad i vårt nye lydstudio.

Juniorspelemannslag/aspirantlag: Samspeltilbod for dei som spelar hardingfele.

Korps: Ein kan ha individuell time i kulturskolen og samtidig delta i eit av korpsa. Korpsa gjev også opplæring på instrumenta. Ved val av "korps", vil di interesse bli sendt vidare til korpset i Flatdal eller Seljord.

Samspel: Dei som held eit høgt nivå, kan få spørsmål om å delta i samspel knytt til prosjekt og konsertar.

Økonomi:

Skulepengar er sett til kr. 3485,- for skuleåret for individuell opplæring, kr. 1945,- for gruppetilbod. Det vert gjeve 50% moderasjon for søsken og utvida tilbod i individuell opplæring. Tilbod for vaksne er til sjølvkost, kr. 6300,- per år (37 veker). Rekninga er delt i 2 semester, haust og vår.